


Nils Einar Høysæter
Bakken 7

5031 LAKSEVÅG



Os, 25.03.96

<i>Reg.Nr;</i>	<i>Journr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Sabh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
006779/96	96/01145	/L42/	TE/PLU/ARR	

**25/51 FORSTØNEN, BYGGEMELD. FRITIDSBUSTAD, NAUST OG KAI -
GODKJENT**

Delegasjonsvedtak sak 96/0068

Vi viser til byggemelding datert 29.02.96 med teikningar stempla godkjent dags dato.

VEDTAK:

Med heimel i kommunen sitt delegasjonsreglement, godkjenner teknisk sjef byggemeldinga på følgjande vilkår:

1. Røyrleggjararbeidet skal meldast gjennom godkjent røyrleggjar før utstikking.
2. Fritidsbustaden må plasserast som vist på kart stempla teknisk etat 11.03.96.
3. Høgde på topp grunnmur blir fastlagt ved utstikking.
4. Rekkverk og trapper skal vera forsvarleg utført og slik at barn ikkje kan skada seg eller lett klatra over.
5. Røykvarslar(ar) må monterast forskriftsmessig og slik at alarmstyrken målt i soverom er minst 60 dB (A) når dører er attlatne.
6. Det må monterast brannsløkkingsutstyr som kan nyttast i alle rom (brannslange eller brannsløkkingsapparat).
7. Alt arbeidet må utførast i samsvar med gjeldande Plan- og bygningslov med byggje- og brannforskrifter.
8. Søknad om ansvarsrett må sendast inn. Ansvarshavande må vera godkjent av teknisk etat før arbeidet blir sett i gang.

9. All eldstadmontering skal meldast til brannvesenet på eige skjema. Skjerming av eldstad mot brennbart materiale må utførast etter nye forskrifter (sjå vedlegg). Sjølve monteringsarbeidet skal ikkje igangsetjast før særskilt godkjenning frå brannvesenet ligg føre.
10. Før bruksløyve blir gitt skal det liggja føre pipeattest frå feiarvesenet.


Arbeidet må vera sett i gang seinast 3 år etter godkjenningsdato, elles fell løyvet bort.

Kopi av situasjonskartet er sendt herfrå til Oskraft A/S og Telenor for kontroll av evt. eksisterande kablar/leidningar over eigedomen. De må sjølv ta kontakt med Oskraft A/S og Telenor før graving på tomte tek til.


Dei dokumenta De treng følgjer vedlagt.

Godkjente teikningar blir sendt til byggherren. Rekning for gebyr og avgifter blir ettersendt.

Med helsing



Lars Søfteland
Teknisk sjef



Arve Rød
Avd.ing.

Kopi til: Hovudutval for teknisk sektor
Byggtech A.S. Osveien 142, 5050 Nesttun